



Innsendt: 07.10.2025 09:03

Ref.nr: QERUFW

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn SVERRE BAKKE
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202412343	Sakstittel Nedlegging av Dam Laugevatn

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Min bakgrunn for å koma med høyringsuttale er : •Skogbrukssjef/landbrukssjef i Tokke i 34 år •Leiar i Lårdal Vel (LV) i 10-15 år •fødd og vaksen opp i Lårdal og bur på ein gar rett opp for brygga i Lårdal. Mitt hovudinnspele i denne saka er at Laugevassdammen er eit av dei viktigaste vertøye ein har i Lårdalvassdraget for å hindre at ein får ein ny storflaum lik den vi hadde i 1968. Lårdalsåi får si vassmengde frå Støylsdalsåi med Eirefjellplatået som nedbørsområde. Dette er eit stort område og ved flaum så kjem dette vatnet fort i Lårdalsåi. Det andre vassdraget er Laugevatn-Åmlivatn-Nossevatn og vassdraget inn til Langesæ Lårdal. Her kjem vatnet seinare fordi ein har så mange vatn og fordi her er gamle og nye dammar. I 1968 var det stor skadeflom i Lårdal. Alle bruene over elva bortsett frå Hommebrua vart skada eller øydelagt og elva tok nytt løp nede ved Lårdal kyrkje , følgde fylkesvegen omlag 100 m og tok nesten med seg kyrkjegarden og kyrkja. Far min som i 50 åra jobba på sagbruket nede ved Bandak og som styrte med den nederste kraftstasjonen, sa etter den flaumen at hadde det ikkje vore for at Laugevassdammen fyrst rann over etter flaumtoppen i Støylsdalsåi, så hadde det gått mykje verre.

Sidan vi no ikkje har kraftutbygging i elva må denne dammen renoverast for å sikre at flaumtoppar i desse to vassraga ikkje kjem samstundes.

Den andre grunnen er at Lårdølane mista badevatnet sitt om sommarane etter Tokkeutbygginga. Det er bare i varme sommarar og når Tokke 1 ikkje blir køyrd at det er greitt badevatn i Bandak. Normalt 16-18 grader sjølv på varme dagar. Får ein vestavind er det 16 grader i løpet av kort tid.

Det har gjort at LV saman med grunneigar har laga til badeplass i Laugevatn. Her reiser Lårdølane å badar når Bandak er iskaldt. Her er badeflate ,benkar og toalett.

Så må eg bare gjeva uttrykk for kva eg meiner om det VTK skriv om nytte/kostnader i denne saka.

VTK og nokon grunneigarar har seg sjølv å takke for at utbygginga ikkje kom. Eg var leiar i LV og kontakta VTK då eg såg at kunnskapen om utbygginga var sviktande. Dei trudde at det var bare falleigarande og VTK som hadde noko dei skulle ha sagt i høve til utbygging. Det kom i stand eit grendemøte der dei som var mot fekk kjeft og der dette flotte prosjektet ikkje vart omtala i særleg grad.

Eg meiner at i den tid vi no lever i med elektrifisering, så vil ei utbygging her koma i nærmaste framtid når nye generasjonar kjem til. Dette prosjektet har i lang tid vore eit av dei mest lønsame i VT. Då var straumprisen 30 øre . No er den 70 øre eller meir.

Det som heller ikkje kjem fram er at ein i dag har dam i Nossevatn. Den siste vart renoverast av Bandaksmolt for nokon 10-år sidan.

Dersom ein bygger dammar i dette vassdraget og regulerar vatna med 0,5 m- 1,0 m og bygger kraftstasjon nede ved Bandak så vil flaumfaren i Lårdalsåi bli sterkt redusert og det vi bli svært lønsamt for VTK, kommune, falleigarar og bra for bygda.

I sommar var det tørt lenge og ingen vatn i elva. Slik at tørrlagt elv er ikkje uvanleg. Då er ikkje ei opprusting av laugevassdammen dårleg nytte/ kostnad for VTK ,men ein må lyfte blikket og tenke stratesgisk og ikkje surmule grunna dårleg håndtering av ei god sak.

Sverre Bakke

Høringsuttalelse som vedlegg

Min bakgrunn for a koma med hoyringsuttale er.docx

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

643.jpg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

643_2.jpg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

3_2.jpg

Vedlegg bilder

3.jpg

Vedlegg bilder

654.jpg